

20. april 2009

Auke i søkinga til høgare utdanning

Samordna opptak (SO) har per 15. april 2009 registrert rundt 104 200 søkjarar til høgare grunnutdanning. Det er ca 11 700 (12,6%) fleire enn i 2008.

For første gong sidan 1996 har SO registrert over 100 000 søkjarar når søknadsfristen går ut. Høgare arbeidsløyse, usikker jobbmarknad og større alderskull blant dei som utgjør dei viktigste søkjargruppene, kan vere med å forklare denne auken. I tillegg er Politihøgskolen (PHS) med i det samordna opptaket for første gong i år. 1291 søkjarar har PHS som einaste søknadsalternativ.

Bak totaltallet skjuler det seg ein auke i talet på mannlige søkjarar. 40,4 % av dei som søker høgare utdanning gjennom SO i 2009 er menn, mot 38,6 % i 2008.

Utdanningsområde/-typar

Sidan Politihøgskolen er med for første gong i år, er ikkje totaltalet for utdanningsområdet jus representativt samanlikna med i fjor. Om ein trekkjer frå primærsøkjarane til PHS, er auka lita.

Etter jus er estetiske fag (27,4 %), realfag (19,5 %) og helsefag (13,6 %) utdanningsområda med den største auken.

Helsefag er klart det største utdanningsområdet med 25 190 primærsøkjarar. I fjor på same tidspunkt var søkjartalet 22 168. Om dette blir brote ned på studiumstypenivå, ser ein at ernæring og veterinær held fram med framgangen frå tidlegare år med ein auke på respektive 30,2 % og 22,9 %. Deretter følgjer medisin (19,0 %) og sosionom (16,8 %).

Sjuepleiarstudiet snur den negative trenden frå dei seinaste åra med 8 518 primærsøkjarar, ein auke på 16,0 % frå i fjor.

Lærerutdanningane opplever ein framgang på 12,9 % i talet på primærsøkjarar. Blant lærerutdanningane har søkinga til allmennlærer auka med heile 34,7 %, mens dei ulike faglærerutdanningane aukar med 16,6 %.

Læresteder

I tillegg til at Politihøgskolen er med for første gong i år, har Høgskolen i Tromsø slått seg saman med Universitetet i Tromsø. Medrekna 2008-tala for HiTØ har det nye UiTØ ein framgang på 18,8 % i talet på primærsøkjarar. Dette er den største framgangen blant universiteta. Som nummer to og tre finn vi Universitetet i Agder (15,8 %) og Universitetet i Bergen (13,0 %).

Likevel er det Høgskulen i Sogn og Fjordane som har den klart største framgangen i år, frå 689 primærsøkjarar i 2008 til 1030 i år, ein auke på 49,5%. Høgskolen i Vestfold (27,9%), Norsk Lærerakademi (27,7%), Noregs veterinærhøgskole (22,9 %) og Høgskolen i Gjøvik kan alle registrere ein auke på over 20 %.

Fleire tal

Søkjartal og tal frå tidlegare års opptak finst på SO sine statistikkisider:
www.samordnaopptak.no/info/soekertall/

Vidare plan for offentleggjering av søkjartal finst i SO sin informasjonsplan:
www.samordnaopptak.no/info/soekertall/informasjonsplan/

Nærare opplysningar om søking til høgare utdanning får du ved lærestadene for høgare utdanning eller Samordna opptak (tlf. 22 84 18 11, 22 84 18 04 eller www.samordnaopptak.no).